

Hummarfest 1944

Tone: Kjerringa med staven.

Hummar og blautekaker
det er prima saker.
Berre gafla i dykk, gjente og gut,
her er ikkje noko rasjoneringsrut
for hummar og blautekaker.

Kjære, gode hummar
som vitjar oss kvar ein sumar.
Kryp der nede mellom stein og tareblad,
tett oppunder brim og brot og sleipe svad,
kjære, gode hummar.

Men Ola, den lumske snikar,
veit kvar du best deg likar.
Egnar teina si med fisk av beste slag,
dreg deg før du veit det opp i ljøs og dag
der du ligg og kikar.

Stolt er du, havets herre
med klør som er sterke og svære.
Dukkar opp or sjøen svart av hemn og hat,
men for våre damer raudnar du på fat,
sku' du sett på verre.

Alle med tomme magar
gjekk her i fleire dagar.
Før i dag eg knapt har ete eit fiskeskinn,
men no skal eg fylla svoltne magen min,
heilt til dess eg ragar.

Tekst: Johan Bernt Ulla